

Reglement for eldrerådet

Vedteke 23.02.16 i K-sak 013/16

§ 1 VAL OG SAMANSETJING

Etne eldreråd vert vald av kommunestyret for den kommunale valperioden og etter reglar gitt i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.

Reglane i kommunelova gjeld for verksemda i rådet, så langt ikkje anna går fram av dei andre lovane. M.a.o. gjeld ikkje §§ 36 og 37 om forholdstalsval i kommunelova.

Rådet har slik samansetjing: 1 frå kommunestyret og 4 frå eldreorganisasjonar.

Berørte organisasjonar har rett til å koma med framlegg på medlemmer.
Kvart kjønn skal vera representert med minst 40%.

Rådet konstituerer seg sjølv.

§ 2 FORMÅL

Rådet er eit rådgivande organ som i medhald av lovene i punkt 1, 1. avsnitt, skal stimulera til kreativitet og kvalitet på tenester og bidra til engasjement og medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for eldre menneske.

§ 3 SAKSOMRÅDE

Rådet har eit spesielt ansvar for å uttala seg i saker som gjeld eldre menneske sine levekårt.

Rådet skal konsentrera seg om større og overgripande saker og gi uttale til desse. Rådet skal ha seg førelagt forslag til budsjett og økonomiplanar frå rådmannen før formannskapet og kommunestyret tar stilling til forslaga.

Rådet skal vidare gi uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, konsekvensanalysar og planprogram, og andre overordna planar som omhandlar viktige prinsipielle emne innan rådet sitt saksområde.

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem eldre menneske i kommunen.

Rådet skal ikkje handsama saker som vedkjem einskildpersonar.

§ 4 RÅDET SINE MØTE

Rådet skal som hovudregel ha møte etter oppsett møteplan. Rådet skal også ha møte når leiaren finn det turvande, eller når minst tre medlemer krev det.

Rådet skal til vanleg kallast inn med minst 8 dagars varsel og kunngjerast

offentleg. Saksdokumenta skal sendast medlemer, varamedlemer og andre med møterett. Saksdokumenta skal snarast råd også leggjast ut på kommunen sine heimesider på internett.

Det skal først møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast til formannskapsmedlemene, medlemene og varamedlemene av rådet og til andre med møterett.

§ 5 SEKRETERIAT

Rådmannen syter for sekretærfunksjonen for rådet.

§ 6 GODTGJERSLE

Medlemene skal ha godtgjersle etter den til ei kvar tid gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde.

§ 7 ÅRSMELDING

Rådet arbeider kvart år ut ei årsmelding om verksemda si.
Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

§ 8 FORHOLDET TIL ANDRE LOVVERK/REGLEMENT

Kommunelova sine reglar gjeld framom dette reglementet. Dersom ikkje anna er vedteke i dette reglementet, gjeld reglementet for kommunestyret også for dette rådet.
